

---

Saksnr: 2021/17072-1  
Saksbehandlar: Inge Døskeland

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		24.06.2021

Tilskot til prosjekt. Handlingsplan innovasjon og næring (HNV 20201). Runde 1  
frist 15. april

Forslag til vedtak

1. Hovedutval for Næring vedtek medfinansiering av 19 utviklingsprosjekt med løyving 11 841 300 kr som vist i lenke 1.

Samandrag

Saka gjeld økonomisk støtte til utviklingsprosjekt for å realisere innsatsområda i Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling 2021. Handlingsplanen og utlysinga har innsatsområda «sirkulærøkonomi, energi og grøn konkurransekraft» som grunnlag for prioritering av søknader.

Totalt vart det i denne søknadsrunden lyst ut 12 000 000 kr. Denne summen inkluderer ekstraløyving på 3 000 000 kr til innsatsområde «grøn konkurransekraft».

I denne søknadsrunden er det etter søknadsfrist 15.april sendt inn i alt 61 søknader, med samla søknadssum på 40 075 900 kr.

Det vert rådd til å gje tilsegn til 19 prosjekt. Desse er vurdert av fagpanel å ha framifrå/svært god kvalitet både med omsyn til å iverksette dei politisk vedtekne prioriteringane og prosjekt gjennomføringsevne. Det er i denne søknadsrunden mottatt gode søknader som er tilrådd avslag grunna stor interesse for ordninga i høve til budsjett.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Søknader tilrådd tilsegn
- 2 Søknader tilrådd avslag
- 3 Søknader flytta til andre ordningar og administrative avslag
- 4 Søknader vurdert etter statsstøtteregelverket
- 5 Handlingsplan innovasjon og næring (HNV 20201)

6 Retningslinjer for verkemiddelbruk innovasjon og næringsutvikling

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Økonomisk støtte til utviklingsprosjekt er eit av fylkeskommunen sine viktigaste verktøy for å gjennomføre vedteken innovasjons og næringspolitikk. Utlysinga er forankra i Hovudutval for næring sitt vedtak 12. februar 2021; «Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling 2021» (lenke 5).

Nytt i år er meir målretta prioritering av innsatsområde. I vurderinga av prosjektsøknader er det derfor prioritert satsingar knytt til energi, grøn konkurransekraft og sirkulære forretningsmodellar.

Prioriteringa av innsatsområda i handlingsplanen for 2021 er basert på gjeldande planverk, rapporten «Vestland - utfordringar for fylket og regionane», samt innspel frå partnerskapen til Vestland fylkeskommune. «Vestlandscenariogene 2020» er tydeleg på at det hastar med å satse på grøn- og berekraftig omstilling i Vestland. Dei regionale planane understrekar det regionale perspektivet om å ta heile fylket i bruk.

### Oversikt søknader

I denne søknadsrunden er det sendt inn i alt 61 søknader, med samla søknadssum på 40 075 900 kr.

### Administrative avslag

Med heimel i «Retningslinjer for verkemiddelbruk Innovasjon og næringsutvikling» (lenke 6) har fylkesdirektør for innovasjon og næring høve til å gje administrative avslag. Av dei 61 innkomne søknadane vart 11 søknader vurdert som administrative avslag/«ikkje søkekode» eller flytta til meir passende finansieringsordning (lenke 3). Samla søknadssum for desse avslaga/flyttingane er 3 267 500 kr. Vidare vart det i utlysinga særleg understreka;

Ordninga er ikkje retta mot bedriftsstøtte, etablererstøtte, produktutvikling, bedrifter eller privatpersonar. Vi gjer merksam på krava i statsstøtteregelverket som regulerer offentleg støtte. Midlane kan ikkje dekke:

- Drift av næringsverksemd eller organisasjonar
- Kausjon eller anna økonomisk garanti
- Direkte eller indirekte investeringar i eigenkapital i verksemd
- Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt
- Ordninga skal delfinansiere tilretteleggande utviklingsprosjekt.
- Midlane vil normalt ikkje gå til messer, arrangement eller konferansar.

### Statsstøtteregelverket

Regel i EØS-avtalen artikkel 61 (1) fastslår at offentleg støtte i utgangspunktet ikkje er tillat. Vestland fylkeskommune har aukande merksemd på å vurdere om søknadene er innanfor regelverket, eller eventuelt kva unntak i som gjeld for den enkelte søknad.

Av ressursomsyn har vi berre gjort vurderingar av dei søknadane som vert innstilt for tilskot. 13 av 19 tilrådde søknader er vurdert av Thommessen AS advokatar. Vi har funne at vi kan støtte alle prosjekta med summen dei har søkt om ved å nytte unntak i EØS-regelverket (bagatellstøtte eller GBER; det alminnelege gruppeunntaket). (lenke 4).

Dersom hovudutvalet ynskjer å støtte andre søknadar enn dei administrasjonen har tilrådd bør det i vedtakspunkt bli tatt inn ei formulering om at tilskot blir gitt med atterhald om at tilskotet kan tildelast i tråd med EØS-regelverket.

### Søknadvurdering, gjennomføring og metode

40 søknader med søknadssum 33 557 900 kr er vurdert etter i kor stor grad dei oppfyller handlingsplanen og etter gjennomføringsevne/prosjektkvalitet.

For å mest mogleg objektiv og fagleg evaluering vart det som i 2020 nytta opplegg for fagpanelvurdering av søknadene etter modell frå Noregs forskingsråd. Det vart oppretta fem fagpanel kvart bestående av ein pannelleiar og 3-4 sakshandsamarar frå alle seksjonane i avdeling for Innovasjon og næringsutvikling, og frå dei ulike kontorstadene i fylket. I tillegg vart det i denne runden trekt inn to fagpersonar innan energi og sirkulærøkonomi frå Innovasjon Noreg. Til saman 20 personar har vurdert søknadene.

Opggåvene til desse panela har vore:

- 3 - 4 personar i kvart panel har vurdert kvar søknad
- Planlagt, leia og gjennomført 2 - 3 panelmøter der ein;
  - o Gjer karakter 1 - 7 på høvesvis prosjektet si «verknad og effekt» og «gjennomføring» og samlekarakter. Karakterane er basert på konsensus i panelet
  - o Kort skriftleg vurdering av kvar søknad i samsvar med karakter
  - o Rapportering alle data i eige skjema/system

I tillegg til panela har det vore ei støttegruppe som har;

- Etablert opplegg for fagpanel og vegleiingsmateriell
- Vore sekretariat for panela
- Lest og fordelt alle søknader
- Vurdert «ikkje søkegode» prosjekt etter «Retningsliner for verkemiddelbruk Innovasjon og næringsutvikling»

Leiargruppa i avdelinga har;

- Jamleg godkjent opplegg og innretning
- Bestemt leiar og deltakarar i panela
- Fylkesdirektør har etter fullmakt gjort administrative avslag «ikkje søkegode» søknader og flytting av søknader til andre fylkeskommunale ordningar.

Alle prosjekta er vurdert ut frå to hovudkriterium. Desse er kvaliteten på sjølve innhaldet i søknaden opp mot dei politisk vedtekne måla i handlingsplanen for «verknad og effekt», og vurdering av kor godt søknaden skildrar prosjektgjennomføringa, «gjennomføring». Det vart nytta karakterskala frå 1 -7 for kvart av desse to vurderingspunkta. I tillegg vart desse karakterane summert og vekta for alle paneldeltakarane og alle søknadene. Leiar av panelet har konkludert med samlekarakter og kort skriftleg vurdering av kvar søknad basert på konsensus.

Karakter	Dette betyr karakteren
7	Framifrå Søknaden svarer særdeles godt på kriteriet. Den har ingen manglar.
6	Svært godt Søknaden svarer svært godt på kriteriet. Den har svært få, uvesentlege, manglar.
5	Mykje godt Søknaden svarer mykje godt på kriteriet, men den har nokre få manglar.
4	Godt Søknaden svarer godt på kriteriet, men den har fleire manglar.
3	Mindre godt Søknaden svarer mindre godt på kriteriet. Den har fleire, vesentlege, manglar.
2	Svakt Søknaden svarer ikkje godt på kriteriet. Den har overvekt av vesentlege manglar.
1	Dårleg Søknaden svarer ikkje på kriteriet, eller den kan ikkje vurderast fordi den er ufullstendig og manglar viktig informasjon.

Prosjektevaluering vil aldri være heilt ut kvantifiserbar. I den endelege vurderinga er det gjort ei forenkling der ein nyttar «svært god» og «nokre manglar». Desse kategoriane speglar i større grad presisjonsnivået i dei kvalitative vurderingane.

Prioritering av søknader

Alle resultatene frå panelvurderingane er rangert for best kvalitet frå vurderingane til fagpanela (høgast score på samla vurdering skala frå 1-7).

Resultatet er at ein innanfor budsjetttramme på 11 841 300 kr kan finansiere alle 19 prosjektsøknader innan alle innsatsområda med høgste score på søknadskvalitet, karakter «svært god» (samla karakter 6 og 7). Desse søknadene er vurdert å ha svært få, eller uvesentlege, manglar.

Dei 19 foreslått prioriterte prosjekta er vist i lenke 1.

Dei 27 søknadene som ikkje er tilrådd støtteverdige med søknadssum 21 716 600 kr (lenke 2) har også høg part med god kvalitet. Fleire av desse søknadene ville ved større budsjett vorte tilrådd. Det er å håpe at desse initiativa kan realiserast utan fylkeskommunal støtte, eller at ein kan gå i dialog og nytte resultatene gjennom anna form for samarbeid.

#### Vedtakskompetanse

Jamfør «Reglement for folkevalde organ og delegering Vestland fylkeskommune» skal hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, med heimel i kommunelova § 5-7., vektlegge arbeidsområde næringsutvikling og grønn konkurransekraft. Utvalet har avgjerdsmynde i tilskotssaker vedkommande regional næringsutvikling.

#### Vurderingar og verknader

##### **Økonomi:**

Saka gjer framlegg om fordeling av budsjetterte midlar for utvikling av næringsliv, innovasjon og disponering av rekneskapsoverskot til eksterne tiltak. Det er venta at tildelinga er bidrag til vekst i regional verdiskaping.

##### **Klima:**

Klima og berekraft er premiss for framlegget til prioritering av prosjektsøknader. Sirkulærøkonomi, energi og grønn konkurransekraft er særleg prioritert. Det er venta at resultatene frå fleire av prosjekta er bidrag til reduserte klimagassutslepp. Prosessen for utarbeiding av saka har føregått utan reiseverksemd.

##### **Folkehelse:** Ikkje vurdert

##### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi)**

Saka støt opp umder FN bærekraftsmåla, både økonomiske og økologiske dimensjonar. Tiltaket er retta mot innovasjon og støt derfor opp om visjonen i utviklingsplanen om å vere nyskapande og berekraftig. Tiltaket med på å setje retning for utviklinga av Vestland og fremjar regional medverknad og samhandling gjennom partnerskap i eksterne utviklingsprosjekt. Tiltaket er forankra i relevante regionale planar og bidreg til å utvikle gode tenester og eit framtidsetta Vestland.

#### Konklusjon

Det vert rådd til å gje tilsegn til 19 prosjektsøknader som er vurdert å ha framifrå/svært god kvalitet. Total tilskotssum er 11 841 300 kr. Det er mange gode søknader som dessverre er vurdert som avslag grunna stor interesse og avgrensa budsjett.